



Flora kommune

Helse,- sosial- og omsorgsplan. Flora kommune 2017-2020.



Vedteke i Flora bystyre 20. desember 2016, bystyresak 114/16

Føreord

Den nye kommuneplanen for helse og omsorg 2017-20 sett ein ny kurs for korleis vi skal strukturere omsorg og helsetjenester i Flora kommune. Framover skal vi ha i botn at dei som kan og vil skal få mest mogleg hjelp heime i eigen bustad. Dette innebær at vi må tenkje nytt og sjå på korleis vi organiserer tjenestene. Og som alltid skal brukarane av tjenestene være i fokus.

Flora kommune leverer gode tjenester til dei som treng hjelp innan sektoren helse og omsorg. Men vi skal alltid strekke oss for å verte endå betre. I planperioden skal ein arbeide mot meir heilskapleg hjelp for brukarane. Kommunen skal verte meir fleksibel, og ha meir tverrfaglig fokus på dei som treng hjelp frå fleire fagområde.

Arbeidet med planen har vore interessant og lærerikt. Mange har vore involvert, og håpet er at dette vert ein levande plan som vert brukt på ein konstruktiv måte framover både for politikarar, administrasjon og tilsette.

Arlene Vågene
Leiar i plangruppa.

Innhold

Innhold	1
Mandat og plangruppe.....	3
Oversikt dagens organisering av helse,-sosial og omsorgstenestene i Flora kommune.	4
Samandrag.....	6
HANDLINGSPLAN FOR 2017-2020	7
Kapittel 1. Overordna mål og prinsipp for tenesteutvikling i perioden.	7
Kapittel 2. Framtidas helse,- rehabiliterings-og eldreomsorg. Strategisk handlingsplan 2017-2020.....	9
Kapittel 3. Framtidas helse-omsorg og rehabiliteringsteneste for vaksne med omfattande behov. Strategisk handlingsplan 2017-2020	13
Kapittel 4. Helse- og omsorgstenester til barn og unge med omfattande behov. Strategisk handlingsplan 2017-2020.	17
Kapittel. 5. Skjematisk tiltaksplan 2017-2020	21

Mandat og plangruppe.

Føremålet med rullering av plan / planarbeid er å presentere og prioritere kva Flora kommune skal satse på i planperioden 2017-2020.

Byst sak 108/15:

1. Flora bystyre vedtek oppstart av rullering av Helse-, sosial og omsorgsplan 2013-2016.
2. Planen skal leggjast fram for bystyret i oktober 2016
3. Planen skal:
 - vidareførast som ein temaplan etter same mal som eksisterande plan
 - samordne andre kommunale planar i sektoren som mellom anna handlingsplan mot Vold i nære relasjonar, rusplan og bustadsosial handlingsplan.
 - Være samordna med "Struktur 2020" innan sektoren.
 - Innehalde økonomiske konsekvensar av tiltak som vert føreslått. Forslaga skal prioriterast og fordelast over heile planperioden,
4. Til å gjennomføre rulleringa vert det nedsett følgjande grupper:
 - Plangruppe med 14 medlemmer: 2 folkevalde frå Levekårsutvalet, der 1 er leiar for plangruppa. 2 frå omsorgstenesta. 1 frå teneste Helse. 1 frå legegruppa (kommuneoverlege). 1 frå tiltakstenesta. 1 frå nav. 1 frå barn og unge. Folkehelsekoordinator. 1 frå rådmannen. 1 frå kommunalt råd for eldre. 1 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. 1 frå kvalitet og utvikling som er sekretær for plangruppa.
 - Faglege arbeidsgrupper/temagrupper vert oppnemnt av rådmannen ved behov.
5. Det vert sett av kr 100.000 til planarbeidet.

I saksutgreiinga vart det særleg nemnt desse utfordringane:

- Planlegging av auka kapasitet for døgnplassar til eldre
- Auka satsing på heimetenester
- Asylsituasjonen og flyktninginnsatsen
- Tidleg innsats for barn i risiko
- Folkehelse og frivillighet
- Kommunanes aukande ansvar for rus og psykiatri frå 2017 som følge av Samhandlingsreforma
- Avlastningstilbod til foreldre for funksjonshemma born, og lærings og meistringstilbod.
- Plan for å samlokalisere bustader til utsette grupper.

Plangruppa har hatt desse medlemmane:

Arlene Vågene (Høgre) leiar

Karianne Torvanger (Arbeiderpartiet) nestleiar

Laila Nygård, Eldrerådet.

Marie Kronen Tveranger, kommunalt råd for menneske med funksjonsnedsetting

Maj Linn Selvik, hovudtillitsvald for Fagforbundet

Siv Kristin Rust Sørbø etterfølgt av Eivind Sandvik, plasstillitsvald for Norsk sykepleier forbund

Norunn Stavø, kommunalsjef

Ragnhild Holm, pleie- og omsorgssjef

Elisabeth Leversund, fagleiar tildeling, Omsorgstenesta.

Unni Furnes, Nav leiar - etterfulgt av Inger Jorunn Årseth, Nav leiar

Anita Norstrand, tenesteleiar Helse

Elisabeth Solheim, folkehelsekoordinator

Jan Helge Dale, kommuneoverlege


Gry Ommedal, tenesteleiar Barn og unge

Anne Merete Ødven, tenesteleiar Tiltakstenesta

Trude R. Gulbranson, omsorgsfagleg rådgjevar, sekretær i plangruppa.

I tillegg har det vore fleire faglege arbeidsgrupper og mange enkeltmøter med representantar frå organisasjon, fag, drift og berørte tenester.

Oversikt dagens organisering av helse,-sosial og omsorgstenestene i Flora kommune.



Kommunen har ansvar for å ivareta helse-og omsorgstenester til alle som har behov for det. I kommunen er tenesteleiarane for helse,-sosial og omsorgstenester organisert under kommunalsjef. Nettverk HSO består av tenesteleiarane i Teneste Helse, Tenesta for barn og unge, Nav Flora, Tiltakstenesta og Omsorgstenesta, i tillegg til kommunalsjef.

Teneste Helse består av legetenester, kommunepsykolog, fysio-og ergoterapitenester og Frisklivssentralen. Prioriterte grupper for den kommunale tenesta er; heimebuande eldre med spesielt fokus på rehabilitering. Funksjonshemma barn og unge som treng særleg oppfølging i høve motorikk og ergonomi. Førebyggjande arbeid retta mot alle aldersgrupper.

Tiltakstenesta er den kommunale psykiiritenesta, og kommunen sitt lågterskeltilbod til rusmisbrukarar. Tiltakstenesta si målgruppe er vaksne og unge med psykiske lidingar, psykososiale vanskar og menneske som er i ferd med, eller har utvikla eit alvorleg rusproblem.

Nav Flora sitt fokus er å gi alle brukarar av tenesta moglegheit til å komme i arbeid og aktivitet. NAV gir råd og rettleiing i samband med arbeid, rekruttering, sjukefråværsoppfølging, inkluderande arbeidsliv og sosiale tenester. NAV har tiltaket "snu i døra" til ungdommar som skal raskt ut i arbeid. Ei anna oppgåve er å gi råd og rettleiing til rusmisbrukarar og deira familiar. Nav kjøper VTA (Varig tilrettelagt arbeid) for vaksne som har uføretrygd hos Sunnfjord Drift.

Tenesta barn og unge inneheld avdelingane: Barnevernstenesta, Helsestasjon og Flora PP-teneste. Barnevernstenesta har hjelpetiltak som foreldrerettleiing, barnehageplass, besøksheimar, tilbod om aktivitetar økonomisk tilskot og tilsyn. Dei har ansvar for omsorgsovertaking ved omsorgssvikt, og ansvar for å undersøke tilmeldte saker. Helsestasjonen har ansvar for helsestasjonsoppgåver, jordmorkontrollar og skulehelsetenesta. PP-tenesta har som oppgåve å hjelpe skule og barnehage i

arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Omsorgstenesta er basert på heimeteneste, bu-og miljøteneste og institusjonsteneste. Dei har i tillegg tenester som vert ytt i form av brukarstyrt personleg assistent (BPA), støttekontakt, omsorgsløn, avlasting, tryggleiksalarm og matombringing. Omsorgstenesta sitt prinsipp om eigenomsorg er felles fokusområde. I praksis vil det seie at det skal leggjast til rette for naudsynte omsorgstenester i eigen heim. Når det ikkje lengre er mogleg skal bustad med heildøgnsomsorg eller institusjon vere eit alternativ.

Samandrag

Kommuneplanen for helse,-sosial og omsorgstenestene 2017-2020 legg dei strategiske føringane og prinsippa for tenesteutvikling på området i planperioden. I planarbeidet har kommunen tatt på alvor å sørge for ei heilskapleg helse-og omsorgsteneste. Plangruppa har bygd vidare på helse,-sosial og omsorgsplan 2013-2016 med førebygging, tidleg intervensjon, samhandling og koordinerte tenester som berande prinsipp. Helse,-sosial og omsorgsplan 2017-2020 spissar tiltak etter desse prinsippa, og gir tenestene innanfor sektoren ei tydeleg retningsending frå dagens drift.

Handlingsplanen er delt opp i 3 hovudtema:

1. Framtidas helse,- rehabiliterings og eldreomsorg.
2. Framtidas helse,-rehabiliterings og omsorgsteneste for vaksne med omfattande behov
3. Helse- og omsorgstenester til barn med omfattande behov.

Mange av brukarane av ulike kommunale helse-og omsorgstenester har behov for fleire tenester og fleire faggrupper, over lengre tid. Inndelinga i hovudtema er framtidretta, og ei styrke for å fremje god samhandling, førebygging, tidleg intervensjon, og langsiktige, gode og koordinerte pasientforløp. Mange av utfordringane til brukarar med behov for kommunale helse,-rehabiliterings og omsorgstenester er samanfallande innanfor dei ulike aldersgruppene. Tiltaka er tenkt universelle, med individuelle tilpassingar på brukarnivå.

I planperioden skal Flora kommune organisere og strukturere eit meir differensiert tenestetilbod for vaksne med omfattande behov for helse,-omsorg og rehabiliteringstenester. Endring i struktur skal innebere ei vridning mot meir ambulante tenester etter heimetenestemodell.

Vi vil satse på auka og endra dag-og aktivitetstilbod. Ein klar føresetnad for å kunne auke tilbodet er ein fysisk arena å løyse det på. Plangruppa tilrår at "Nye Miljøhuset" vert arena for dag-og aktivitetstiltak. Særskilte faktorar som at kommunen eig bygget og tomte, moglegheiter, inkludert tid og stad for utbygging, samdriftseffektar, og beliggenheita i sentrum, gjer til at Miljøhuset er sær samsiktsmessig for satsing og utbygging til føremålet.

Oppretting av bustadkontor vert det viktigaste tiltaket innan bustadsosialt arbeid i planperioden. Bustadsosialt arbeid er definert som kommunens tiltak, virkemiddel og tenester for at vanskelegstilte på bustadmarknaden kan bu i eigen varig bustad. Føremålet med å opprette bustadkontor er å samle ansvaret for bustadsosiale virkemiddel og funksjonar på ein stad.

Vi skal opne skotta i organisasjonen. I planperioden skal kommunen lage en meir samsiktsmessig måte å løyse både sakkyndig vurdering, og organisering av tenester til barn med behov for langvarige og koordinerte hjelpetiltak. Strukturane i organisasjonen skal vere samsiktsmessige for barn og unge sine behov, og følgje utviklinga i samfunnet. I planperioden skal vi spisse tiltaka som gjeld førebygging og tidleg innsats hos risikofamiliar. Vi skal styrke arbeidet mot målet mot å utjamne sosial ulikskap med å auke gjennomføring av skulegang som eit av hovudtiltaka. Vi skal og satse på meir fleksibel avlastning for foreldre til funksjonshemma barn, og vidareføre satsinga på at alle barn skal ha tilbod om trygge fritidsaktivitetar.

I planperioden skal Flora kommune organisere eldreomsorga framtidretta og driftsøkonomisk bærekraftig. Heimetenestebasert omsorg skal vere grunnsteinen i tilbodet til brukarane. Folk skal bu heime eller i omsorgsbustad så lenge som mogleg, og der det er behov, med gode og trygge heimetenester. For dei som treng høgare omsorgsnivå, skal det vere tilgjengelege institusjonsplassar. Som ein del av heimebasert omsorgsmodell med ei klar oppmoding om hjelp til sjølvhjelp, må også tenestene innføre nye arbeidsmetodar og drive fagleg omstilling. Dette inneberer bruk av velferdsteknologi, kvardagsmeistring og førebyggjande heimebesøk.

Plangruppa ønskjer å fortette området rundt Docen som framtidens omsorgsteneste. På lengre sikt syner demografiske framskrivingar at vi på eit seinare tidspunkt bør nytte sjukehusomtå – inkludert arealet der Florø sjukehus står, til senior,- og omsorgsføremål. Plangruppa har diskutert at det kan vere føremålstenleg at kommunen gjennom plan og regulering styrer sjukehusområdet mot kostnadseffektive tenester etter framskriving av behov for tenester rundt 2030-2040, i samarbeid med private utbyggjarar.

I utarbeidinga av planen er det tatt omsyn til lovgrunnlag, statlege og kommunale føringar for dei kommunale helse,-sosial og omsorgstenestene. Premissleverandørar for tiltaka har og vore lokal demografi og utvikling i tenestene i Flora kommune. Handlingsplan mot Vold i nære relasjonar, rusplan og bustadsosial programplan ligg og til grunn for tiltaka i planen. Faktagrunnlag og premiss ligg som eit eige vedlegg til plan.

HANDLINGSPLAN FOR 2017-2020

Kapittel 1. Overordna mål og prinsipp for tenesteutvikling i perioden.

Flora kommune skal ha ei kvalitativ god helse-og omsorgsteneste som er tufta på tilbod om differensierte heimebaserte tenester i eigen bustad, omsorgsbustader, bukollektiv, heildøgnsbemanna omsorgsbustader og institusjonsplassar ved behov.

Helse,- og omsorgstenestene skal i større grad bli utforma til å møte morgondagens behov med omsyn til demografi, tilgangen på arbeidskraft i sektoren, og økonomiske ressursar. Det skal innarbeidast nye arbeidsmetodar og nye faglege tilnærmingar. Fagleg omstilling i tenestene vert mellom anna knytt til ei sterkare vektlegging av meistring, habilitering og rehabilitering, førebygging, tidleg innsats, aktivisering, nettverksarbeid, miljøarbeid, rettleiing av pårørande og frivillige og til innføring av velferdsteknologi. Kvaliteten er og tett knytt til den medisinskfaglege oppfølginga.

Primærhelseteam og oppfølgingsteam vert eit viktig prinsipp for tenesteutvikling. Både primærhelseteam og oppfølgingsteam er ei fleirfagleg gruppe med helsepersonell som arbeider saman for å levere lokalt tilgjengelege helse,-rehabiliterings -og omsorgstenester . Vi har per i dag gode strukturar på samarbeid mellom fastlege, primærjukepleiar og fagmøte, der aktuelle fagpersonar er involvert. Vi har og fleire fleirfaglege oppfølgingsteam med føremål om å yte, koordinere og tilrettelegge tenester for ei selektert og tydeleg definert gruppe. Her har vi gode erfaringar, og strukturen er effektivt i tenestene, og gir god kvalitet for brukarane.

Ei sterk helse-og omsorgsteneste krev fagleg og strategisk god leiing. Organiseringa og strukturane skal fremje heilskaplege tenester og koordinerte tiltak. Pasienten skal vere i fokus, og delta i avgjerder som gjeld dei sjølv. Dette krev god og tydeleg leiing på alle nivå, frå øverste leiing, det vil seie bystyret og rådmann, til tenesteleiarar og einingsleiarar. Leiarspannet for einingsleiarar bør ikkje overstige 20-22 årsverk, det skal vere tilstedeværande leiing i størst mogleg grad. Einingsleiarane skal ha ansvar for budsjett, fag og personale.

Leiarkompetansen må styrkast. Dette handlar ikkje nødvendigvis om ytterlegare kursing og utdanning av leiarar, men å ha ein struktur og kultur i organisasjon og leiing som gjer det mogleg å ta ansvar, og mogeleg å vidareføre ansvar og fullmakter til yttarste driftsledd og til pasient/tenestemottakar. For å få til dette treng vi gode leiarar. Leiarane må vere dei første til å ta inn over seg og fronte endringane som Flora kommune no legg opp til i tenesteutvikling. Dei tilsette vil sjå til politisk og administrativ toppleiing, tenesteleiarar og einingsleiarar for å hente styrke, støtte og retning. Leiinga må jobbe systematisk med dei menneskelege sidene av endringa, og involvere alle lag i organisasjonen. Gode

leiarar må kommunisere endringsbehovet og vegen vidare frå plan til handling generelt til tilsettgruppa, og til den einskilde tilsett. Leiarane må arbeide eksplisitt med kulturendring i tenestene.

God leiing omhandlar generelt å setje mål og sørge for at ein oppnår ønska resultat. Det handlar om å planlegge, gjennomføre, evaluere og eventuelt korrigere tiltak som får tenestene til å utvikle seg på ein god måte. Dette ansvaret må alle ledd i organisasjonen ta, og det er ei viktig leiaroppgåve å tydeleggjere dette ansvaret.

Kapittel 2. Framtidas helse,- rehabiliterings og eldreomsorg. Strategisk handlingsplan 2017-2020.

I planperioden skal vi vidareutvikle god heimeteneste. Primærhelseteam og oppfølgingsteam skal vidareutviklast. Det skal satsast på ny kunnskap og nye arbeidsmetodar som styrker meistring og eigenomsorg. Det er klare forventningar om at eldre legg til rette for eigen alderdom, men med tryggleik i botn for at dei får tilpassa bistand når det vert eit behov for det. I planperioden skal vi sjå på korleis vi best mogleg kan nytte og fordele omsorgstrappa, og organisere tenestene våre etter prinsipp om eigenomsorg og førebyggingsperspektiv. Kommunen skal satse på ei fortetting og utnytting av området rundt Docen burettslag til framtidige omsorgsbustader etter Omsorg+ konsept.

Organisering av tenestetilbodet:

I planperioden skal Flora kommune organisere eldreomsorga framtidsretta og driftsøkonomisk bærekraftig. Flora bystyre vedtok i sak 53/16 den 21.06.16 at heimetenestebasert omsorg skal vere grunnsteinen i tilbodet til brukarane. Folk skal bu heime eller i omsorgsbustad så lenge som mogleg, og der det er behov, med gode og trygge heimetenester. Det er viktig med tryggleik for at en kan få hjelp der ein bur, men at det og skal vere tilgjengelege institusjonsplassar, når det trengst. Det skal satsast på avlastning til pårørande.

I den heimebaserte tenestemodellen ligg det ei klar oppmoding om hjelp til sjølvhjelp, og aktiv deltaking i si eiga omsorg. I botn skal det ligge ein tryggleik at brukarane får den hjelpa dei treng når dei treng det. Heimebasert tenestemodell skal innehalde:

- Kvardagsmeistring (hjelp til sjølvhjelp)
- Kvardagsrehabilitering
- Læring- og meistringstilbod
- Tryggleikspakke med alarm og velferdsteknologi/varslingar
- Dag- og aktivitetstilbod
- Mattilbod.
- Heimesjukepleie med heimeteneste (helsehjelp) og praktisk bistand (heimehjelp)
- Heilskaplege og koordinerte tenestetilbod

Nye arbeidsmetodar og faglege tilnærmingar i tenesteutviklinga.

Som ein del av heimebasert omsorgsmodell med ei klar oppmoding om hjelp til sjølvhjelp, må tenestene innføre nye arbeidsmetodar og drive fagleg omstilling. Denne er knytt til meistring, hab-/rehabilitering, førebygging, tidleg innsats, aktivisering, miljøarbeid, rettleiing av pårørande og frivillige og til innføring av velferdsteknologi. Dei nye tilnærmingane skal innebere vidare satsing og utvikling av førebyggjande heimebesøk, velferdsteknologi og kvardagsmeistring. Desse tre områda skal sjåast under eitt. Ved innføring av ny teknologi utgjør sjølve teknologien ca 20 % av dei endringane som vert iversett. Det meste dreier seg om arbeidsformer, organisering og ny kunnskap. Lærings- og meistrings fokus vert ein premissleverandør for tenesteutviklinga. Førebyggingstanken og kvardagsmeistringa skal være ein del av dagleg observasjon, kommunikasjon og handling i tenestene. Nye arbeidsmetodar og velferdsteknologiske løysingar skal bli eit viktig verktøy både i møtet med framtidias demografiske utfordringar, og i det helsefremjande arbeidet for å førebygge fall, einsemd og kognitiv svikt. Førebyggjande heimebesøk skal tilbys innbyggjarar som er 75 år.

Arbeidet i Flora kommune knytt til nye arbeidsmetodar og faglege tilnærmingar skal ha: Fokus på tidleg innsats, meistring, tryggleik, på ressursar og moglegheiter, innovasjon og effektivisering. Ein langsiktig og varig innsats som er heilskapleg og fleirfagleg, og med fokus på kompetanse og læring. Arbeidet skal;

- Bidra til at enkeltindivid vert gitt moglegheita til å meistre eige liv og helse betre, basert på egne premissar.
- Bidra til at personar med behov for helse-og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed bidra til å utsetje behov for ein eventuell institusjonsplass.
- Bygge opp under målsetjinga om eit universelt utforma samfunn innan 2025.
- Betre kvaliteten på tenester, auke fleksibiliteten og bidra til betre arbeidsmiljø.
- Bidra til innovasjon i helse-og omsorgstenestene og skape nye arenaer for samarbeid med nærmiljø, pårørande, frivillige aktørar, ideelle aktørar, academia og næringsliv.
- Bidra til innovasjon, samt betre samarbeid og oppgåveløysing mellom kommunale og andre velferdsaktørar.

Omsorgsbustadar og institusjon.

Omsorg Pluss er eit nytt konsept i eldreomsorga der det vert vektlagt at eldre skal bu i eigen/leigd bustad lengst mogleg. Omsorg Pluss er døgnbemanna omsorgsbustader med tilbod om felles måltider. Bebuarane får tildelt heimetenester etter individuell behovsvurdering. Konseptet brer seg no i dei større byane, mellom anna Bergen. Flora kommune ventar på "Docen 2", heildøgnsbemanna omsorgsbustader.

Samlokalisering av Omsorgsbustader er viktig med omsyn til bærekraft. Dette gjeld både kvalitet, kompetanse, tryggleik for bebuarar, attraktivitet som arbeidsplass, og økonomisk bærekraft. Docen burettslag består av 21 bueiningar der det bur hovudsakleg eldre bebuarar, men og yngre brukarar med ulike hjelpebehov. Det er og planlagt snarleg oppstart av bygging av 32 bueiningar på tomta, "Docen 2". Docen området er altså eit område med bemanning per i dag, og plangruppa ønskjer å nytte dette området og kapasiteten her før ein planlegg ytterlegare områder for omsorgsdrift. Unntak kan vere om ein skal tenke noko auke i kapasiteten på omsorgsbustader rundt Allhuset i Eikefjord. Samlokalisering og attraktive miljø for fleire brukargrupper vil vere avgjerande for ein driftsøkonomisk og berekraftig tenestemodell. Samlokalisering og rett organisering vil kunne gje handlingsrom for å nytte personell og kompetanse på ein ny og fleksibel måte.

Framskrivningane som syner behov i auka døgnplassar (nivå 6 og 7 i omsorgstrappa) skal i planperioden løysast med å planlegge Omsorg+ konsept, som er heildøgnsbemanna omsorgsbustader. Utbygginga skal planleggast i "Docen" området, der kapasiteten skal nyttast godt, før ein skal nytte areal på sjukehusomta til eldreomsorg. Fleire brukargrupper skal finne det attraktivt å bo i området, og det skal vere tilpassa ein fleksibel bruk av leige-og eige bustader. Organiseringa av området skal gi god kvalitet og god bredde i den faglege kompetansen. Det skal vere attraktivt for tilsette å jobbe der. Heimetenester vert ytt etter individuell behovsvurdering.

Planlegging av auke i institusjonskapasitet skal ha oppstart planlegging våren 2020.

Mål:

1. Gi trygge helse-og omsorgstenester til eldre i eigen heim. Eldre skal bu i eigen bustad lengst mogleg.
2. Ei bærekraftig organisering av eldreomsorga, med god kvalitet og kompetanse som ivaretek dei med omsorgsbehov.
3. Samlokalisering av omsorgsbustader skal kunne gje handlingsrom for å nytte personell og kompetanse på ein ny og fleksibel måte.
4. Nok institusjonsplassar til dei som treng det mest. Dette er i hovudsak sjuke eldre, og demente
5. Styrking av heimetenestene inkludert dagtilbod, rehabiliteringstilbod og lærings-og meistringstilbod. Fokus på meistring, førebygging av einsemd og velferdsteknologi skal ha mål om at brukarane skal klare seg best mogleg og lengst mogleg i eigen bustad.
6. Ha arbeidsmetodar og fagleg tilnærming i helse-og omsorgstenestene som byggjer opp under førebyggingsperspektivet, tidleg innsats og kvardagsmeistring.

7. Nytte velferdsteknologi som eit supplement for tenestene. For tenestemottakar skal det være et supplement som støttar opp om deira tryggleik og meistringsevne. Grunnlaget for arbeidet skal være at teknologien på sikt skal bidra til å møte økonomiske og personellmessige driftsutfordringar.


Tiltak:

1. Flora kommune skal ha ein heimebasert omsorgsprofil, med styrking av heimetenester.
2. Flora kommune skal planlegge fleire døgnplassar som Omsorg Pluss konsept. Planlegginga skal inkludere innfasingsplan for bruk.
3. Utbygging av heildøgnsbemanna omsorgsbustader i sentrum skal lokaliserast til "Docen" området. Kapasiteten skal nyttast før ein nyttar sjukehusbygget/tomta til omsorgsføremål med bemanning.
4. Fleire brukargrupper kan bu i same området. Det skal leggest til rette for fleksibel bruk for alle grupper i alle aldrar
5. Behov for å utvide omfanget av omsorgsbustader i Eikefjord etter Omsorg Pluss modell vert omsyntatt i planlegginga av ytterlegare behov for omsorgsbustader etter at Docen 2 er realisert.
6. Oppstart planlegging av auka institusjonskapasitet vert januar 2020. Planlegginga skal ta utgangspunkt i oppdaterte framskrivingar og dekningsgrader etter vriding til heimetenestemodell.
7. Ivareta og styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar. Vidare satsing på Lev Vel prosjektet og den kulturelle spaserstokken.
8. Utarbeide Handlingsplan for Velferdsteknologi i 2017 der ein avklarar behov for ny teknologi. Det må skje ei avklaring av kompetansebehov og utarbeide planar for opplæring, og identifisere og realisere gevinstpotensiale ved innføring av velferdsteknologi. I planen skal det leggest inn tiltak som omfattar kvar dagsmeistring og førebyggjande heimebesøk.
9. Utarbeide kommunal forskrift for rett til sjukeheimplass.

Økonomiske konsekvensar:

1. Styrking av heimetenestene i økonomiplan for 2017 på 1,1 mill. Ytterlegare styrking i 2018 på 1 mill. Er behov for auke utover dette.
2. Ikkje økonomiske konsekvensar i planperioden
3. økonomiske konsekvensar, fritak for husleige frå Omsorgstenesta til Florø bygg og eigedom i 6 mndlagt inn i budsjett som innfasingsperiode.
4. Økonomiske konsekvensar vert å kome attende til.
5. Ikkje økonomiske konsekvensar i planperioden.
6. ikkje økonomiske konsekvensar i planperioden
7. Søke om finansiering over tilskot.
8. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine budsjettrammer
9. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine budsjettrammer

Forklaring til økonomiske konsekvensar tiltak 1:



Heimesjukepleie og Praktisk bistand						
	2016	2020	2025	2030	2035	2040
90+	65	48	56	62	81	114
80-89	114	103	122	164	199	229
67-79	78	113	135	144	155	161
0-66	47	9	9	9	9	9
Tal personar	304	273	321	379	444	513
Årsverk	51,3	54,7	64,3	75,8	88,7	102,6
Pleie faktor	0,20					

Framskriving av behov for årsverk i heimetenestene basert på tal personar og estimert på 0,2 årsverk ressurs pr. brukar dersom hjelpetildelinga blir omtrent som i dag. (0,2 har vert brukt tidlegare som ein faktor). Dagens pleiefaktor i heimetenestene er ut i frå ramma 0,17, som viser seg å vere låg.

Kapittel 3. Framtidas helse-omsorg og rehabiliteringsteneste for vaksne med omfattande behov. Strategisk handlingsplan 2017-2020

Dei strategiske tiltaka i planperioden når det gjeld vaksne (18-67 år) med omfattande behov for helse,-omsorg og rehabiliteringsteneste vert innanfor områda: bustadstrategi, arena og organisering av arbeids,-aktivitet -og dagtilbod, lærings og meistringstilbod, og betre løysingar på det bustadsosiale arbeidet i kommunen. Strategisk tiltak vert og endring i dei organisatoriske strukturane som skal gi ein tydelegare heimebasert tenestemodell der bistand vert ytt etter brukars individuelle behov for ulike tenester og kompetanse. Vi vil og satse primærhelseteam og oppfølgingsteam for å styrke kvaliteten i tilboda til denne gruppa.

Bustadkontor.

Oppretting av bustadkontor vert det viktigaste tiltaket innan bustadsosialt arbeid i planperioden. Bustadsosialt arbeid er definert som kommunens tiltak, virkemiddel og tenester for at vanskelegstilte på bustadmarknaden kan bu i eigen varig bustad. Føremålet med å opprette bustadkontor er å samle ansvaret for bustadsosiale virkemiddel og funksjonar på ein stad. For brukarane av tenestene skal dette gi lettare tilgang til bustadsosial bistand, og færre personar og instansar å forholde seg til. Sentrale målsetjingar er å få samordna eit sterkt fagmiljø, forenkle rutinar og oppnå betre og meir effektiv utnytting av dei bustadsosiale verkemidla. Bu rettleiing og miljøvaktmester metode vert implementert som miljøarbeid i bustadkontoret.

Opgåver bustadkontoret skal løyse:

- Råd og rettleiing i bustadspørsmål.
- Mottak og handsaming av søknader om kommunal bustad/bufellesskap.
- Tildeling av kommunal bustad/bufellesskap.
- Kontraktinngåing, utarbeiding av oppfølgingsavtaler og innkrevjing av husleiger.
- Oppfølging av husleigestansar, brot på husordensreglar og naboklagar.
- Bestillerfunksjon til Florø bygg og eigedom.
- Miljøvaktmesterteneste til oppfølging i bustad og bu rettleiing
- Buskule

Organisering av tenestetilbod:

I planperioden skal Flora kommune organisere og strukturere eit meir differensiert tenestetilbod for vaksne med omfattande behov for helse,-omsorg og rehabiliteringstenester. Endring i struktur skal innebere ei vriding mot meir ambulante tenester etter heimetenestemodell. Målet er å gi eit tilpassa og differensiert tenestetilbod, særleg for å imøtekomme ulike behov som brukarane har for kompetanse. Tenestene skal ytast etter brukarane sine individuelle behov. Dei samla behova for helsehjelp, miljøarbeid, praktisk bistand og dag- og aktivitetstilbod med meir vert styrande for vedtaka som ligg til grunn for tildelt bistand. Verktøyet for å styre rett kompetanse og ressurs til rett brukar vert CosDoc der leiarane skal nytte arbeidsplan som eit leiarverktøy for å styre ressursar og kompetanse.

Kompetanse og ressursar:

I planperioden skal kommunen sikre strukturar og ei organisering som gjer til at ein kan nytte personale og kompetanse på ein meir hensiktsmessig måte. Med å organisere av omsorgstenestene og tiltakstenesta som arbeidslag, og ha primærhelseteam med breddekompetanse, vil kommunen kunne gi eit meir heilskapleg tenestetilbod. Primærhelseteam og oppfølgingsteam skal bidra til meir koordinerte tenester, mogleggjere større bredde i tenestetilbodet og bidra til riktigare arbeidsfordeling mellom personellgrupper. Kommunen kan dermed få betre bruk av dei samla ressursane og den kompetansen som vi samla sett har innanfor helse og omsorg. Satsinga på oppfølgingsteam og

primærhelseteam vil innebere ein ny arena der viktige opplæringsbehov kan ivaretaast betre enn dei vert i dag, mellom anna nyttast som lærings og meistringarena.

Bustadstrategi for brukarar med omfattande behov for helse-omsorg og rehabiliteringsteneste:

Bustadstrategien gjeld alle personar med omfattande behov for helse- og omsorgstenester. Årsaker til at personar har behov for omfattande bistand kan til dømes være ulike utviklingshemningar, fysiske funksjonshemmingar, skader etter ulykker og omfattande behov for bistand grunna psykisk lidning. Det er eit mål at så mange som mogleg bur i eigen eller leigd bustad, og mottar individuelt tilpassa heimeteneste. Flest mogleg skal intergrerast i den ordinære bustadmarknaden. Kommunen sin bustadaktivitet er sjølvfinansierande, og husleigenivået speglar marknadsprisen. Omsorgsbustad vert og definert som eigen heim. Kommunen skal dekkje bustadbehovet med kombinasjon av kommunal eigd og disponert bustadmasse. Vi skal samarbeide med private utbyggjarar for å dekke bustadbehov, og for å oppnå mest mogleg rasjonell bustaddrift. Kommunen som planmynde kan gjennom planstrategi legge til rette for at fleire kan bygge/eige sjølv.

Nokre av brukarane har omfattande behov for helse- og omsorgstenester. For å sikre ei bærekraftig utvikling med omsyn til både kompetanse og ressursar må bueningar der det er tilrettelagt for bemanning være mest mogleg samlokalisert. Dette gjer det mogleg å få nytte kompetanse og ressursar fleksibelt, og å gi riktig kompetanse og tenestetilbod til rett brukar til rett tid. Vi vil lage attraktive arbeidsplassar og attraktive bumiljø for brukarane med god kompetanse.

Dag-og aktivitetstiltak. Lærings- og meistringstilbod.

Innbyggjarar som har behov for, og kvalifiserer for dag -og aktivitetstilbod skal ha ein arena å gå til der dei opplever meistring. Det er behov for eit differensiert dag-og aktivitetstilbod som fortrinnsvis kan vere lokalisert i same bygg, men med ulike avdelingar og inngangar. Enkelte av dag-og aktivitetstilboda bør vere utadretta, dvs. at det vert utført arbeidsaktivitet ute i bedrifter. Grupper som har behov for eit dag-og aktivitetstilbod er personar som ikkje kjem i ordinært arbeid på kort eller lang sikt. Årsaker kan være utfordringar med rus, utfordringar med psykisk helse, ulike typar utviklingshemningar eller personar som er skada etter ulykke. Flora kommune har fokus på førebyggingsperspektivet som ligg i det å ha faste rutinar, og ein arena å gå til.

Ein klar føresetnad for å kunne løyse behovet for dag- og aktivitetstiltak er ein fysisk arena å løyse det på. Plangruppa tilrår at "Nye Miljøhuset" vert arena for dag-og aktivitetstiltak. Særskilte faktorar som at kommunen eig bygget og tomte, moglegheiter inkludert tid og stad for utbygging, samdriftseffektar, og beliggenheita i sentrum, gjer til at Miljøhuset er særskilt hensiktsmessig for satsing og utbygging til føremålet.

I satsinga skal kommunen samarbeide tettare med Origod og Krokane Nærtene. Vi skal nytte kompetansen og metodisk verktøy som desse bedriftene har, med mål om at det kjem fleire brukarar til gode i form av gode aktivitetstilbod. Kommunen skal og samarbeide med andre som privat næringsliv, og frivillige lag og organisasjonar. Nye Miljøhuset skal kunne bli nytta som ein arena for aktivitetstilbod til dømes i regi av Frivillegsentralen

Aktivitetskrav Økonomisk sosialstønad

Tidleg i planperioden skal kommunen innføre aktivitetskrav for økonomisk sosial stønad. Utgangspunktet er Stortingets vedtak om å stille vilkår om aktivitet for økonomisk sosialhjelp. Lovendringa forventast å tre i kraft 01.01.2017 og då kun for personar under 30 år. Ei slik lovendring inneber auka krav og plikt til å tilby aktivitetar som skal vere tilpassa behov og funksjonsevne. Dette betyr at kommunen må kunne ha eit bredt spekter av ulike tiltak. NAV Flora har registrert at det til ei kvar tid kan vere om lag 40 – 50 personar i alderen 18-30 år som søker om, og mottar økonomisk sosialhjelp og som då skal vurderast opp mot aktivitetskravet. Sentral utfordring i denne gruppa er ein del unge med sosiale utfordringar, lettare til moderate psykiske lidningar, låg meistringskjenne, låg utdanning og lite arbeidserfaring. Målgruppe er de som står i fare for å verte langtidsmottakar av

sosialhjelp. Det vil vere behov for eit tett samarbeid mellom NAV og Flora kommune for å finne gode løysingar og praksisplassar som er eigna.

Kommunal Akutt Døgn (KAD) rus og psykiatri.

Frå 2017 skal det kommunale øyeblikkeleg hjelp tilbodet også omfatte brukarar med rus/psykiatri utfordringar. Det er behov for å styrke lokalt tilbod. Målet med arbeidet innan psykisk helse og rus er å komme tidlegare til, og å styrke det tilbodet som er der folk bur. Førebyggingsperspektivet og tidleg innsats er viktig. Tiltak som kan redusere tal liggedøgn i spesialisthelsetenesta og å redusere behov for kommunal øyeblikkelig hjelp og bruk av tvang er : Varige og tilpassa bustader, godt utbygde og individuelt tilpassa tenester inkludert dag- og aktivitetstilbod, ambulante og oppsøkande behandlingsteam i samarbeid mellom kommune og spesialisthelsetenesta, brukarstyrte plassar ved DPS og ambulante akutt team. Flora kommune vil styrke heimeteneste for primært å kunne gi desse brukarane hjelp i eigen heim når dei er i behov for øyeblikkelig hjelp som er innanfor kommunal forsvarleg helsehjelp. I nokre tilfelle kan det vere hensiktsmessig å nytte det eksisterande KAD tilbodet på Furuhaugane til korte innleggingar. KAD rus og psykiatri gjeld brukarar som kommunen har mulighet til å utrede, behandle eller yte omsorg til. Kommunen sitt ansvar gjeld om tilbodet er like godt eller betre enn det som spesialisthelsetenesta kan tilby pasienten. Målgruppa for dette tilbodet er etter tal frå Helsedirektoratet liten.

Mål:

1. Individuelt tilpassa tenester og er tett på der det trengst med rett kompetanse når det trengst.
2. Samle bustader med bemanning for betre og meir fleksibel kompetanse -og ressursbruk. Skape attraktive arbeidsplassar for dei tilsette og gode bumiljø for brukarane.
3. Helse-og omsorgstenester som er prega av kvalitet, fleksibilitet og kontinuitet
4. Tenestene skal ha ha arbeidsmetode tilpassa hjelp til sjølvhjelp.
5. Ha gode system for Primærhelseteam og oppfølgingsteam med breddekompetanse, og bruke dei.
6. Ha "Nye Miljøhuset" som arena for gode dag-og aktivitetstilbod til dei som treng det, der dei opplever meistring.

Tiltak:

1. Opprette bustadkontor med oppfølgingsteneste frå sommaren 2017.
2. Dagens bu-og miljøavdelingar i Omsorgstenesta skal organiserast som tverrfagleg samansette arbeidslag etter anbefalte storleikar, med dreining frå bustadbaserte tenester til heimebaserte tenester.
3. Tiltakstenesta skal i planperioden organiserast som arbeidslag med heildøgnsteneste etter heimetenestemodell.
4. Vidareutvikle primærhelseteam og oppfølgingsteam frå 2017.
5. Tildelingspraksis på tenester til brukarar der ein legg meir til grunn heilskapsvurderingar.
6. Ha klare inklusjons og eksklusjonskriterie for helsehjelp og kvar helsehjelpa skal bli gitt til gruppa rus/psykiatri når det gjeld kommunen sine forpliktingar gjeldande kommunalakutt døgn rus og psykiatri frå 2017.
7. Sampro – nytte systemet for individuell plan, koordinator og ansvarsgrupper for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester.
8. Miljøhuset skal i planperioden planleggast og byggast ut til å være arena for auka satsing på dag-og aktivitetstilbod til nye brukargrupper.
9. Planlegginga frå tiltak 8, skal og omfatte "Nye Miljøhuset" som arena for avlastning, treningsbustad og framtidige bustader til vaksne med omfattande behov.
10. Bustadstruktur; lage bustadplan for omdisponering av bustader innan omsorgstenesta som ikkje er driftoptimale for brukarar som treng stor grad av bemanning.
11. Kvalitetsindikator : Brukarundersøkingar annakvart år. Dialogkafe årleg.
12. Innføre aktivitetskrav for økonomisk sosialstønad

13. Nytte inntil 2 bueningar i "Docen 2" som rehabiliterings -og kortidsplassar.

Økonomiske konsekvensar:

1. Økonomi skal avklarast og det vert lagt fram sak frå rådmannen til Flora bystyre i forbindelse med revidert budsjett 2017.
2. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
3. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
4. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
5. ja
6. 200.000 kr over statsbudsjettet til KAD rus/psykiatri.
7. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
8. Framtidig bruk Miljøhuset: 1 mill. i 2017 (rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017)
9. Framtidig bruk Miljøhuset: 1 mill. i 2017 (rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017¹)
10. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
11. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
12. Kostnad i 2017 vert finansiert med kr 138.000 som statlege overføringar.
13. Årleg kostnad på 200.000 kr i husleige. Må finansierast over budsjett

¹ Økonomiske konsekvensar av tiltak 8 og 9 er den same millionen.

Kapittel 4. Helse- og omsorgstenester til barn og unge med omfattande behov. Strategisk handlingsplan 2017-2020.

Kommunen treng å styrke tverrfaglege og koordinerte tiltak rundt barn og unge med samansette problemstillingar. Desse barna har ofte mange arena der dei mottar tenester og mange personar er involvert. I planperioden skal kommunen lage en meir hensiktsmessig måte å løyse både sakkyndig vurdering og organisering av tenester til desse barna på. Strukturane i organisasjonen skal være hensiktsmessige for barn og unge sine behov, og følgje utviklinga i samfunnet. I planperioden skal vi spisse tiltaka våre på førebygging og tidleg innsats hos risikofamiliar. Vi skal styrke arbeidet mot målet mot å utjamne sosial ulikskap med førebygging av fråfall i skule som eit av hovudtiltaka. Vi skal og satse på meir fleksibel avlastning for foreldre til funksjonshemma barn, og vidareføre satsinga på at alle barn skal ha tilbod om trygge fritidsaktivitetar.

Organisering av tenester på tvers av organisasjonsstruktur

Kommunen har i dag utfordringar som gjeld korleis vi gir best mogleg heilskaplege tenester til barn og unge som treng tenester på tvers av organisasjonsstruktur. Born og unge med omfattande behov har ofte fleire arena der dei mottar bistand; barnehage, skule, sfo, avlastning, støttekontakt og heim. I planperioden skal kommunen finne løysingar slik at organisasjonsstruktur ikkje skal være til hinder for gode forløp. Målet er å få til gode forløp og tenester, og trygge dei barna som er særskilt avhengige av faste personar rundt seg.

4 typiske overgangar:

1. Barnehage – skule. Nokon gangar er det hensiktsmessig at assistenten, eventuelt anna personell som t.d. helsesøster, følgjer eleven/barnet. Andre gangar kan gode overføringar gjere til at assistent ikkje treng å følgje eleven. Lage system for at begge deler er mogleg. Barnets individuelle behov skal vere styrande.
2. Skule – sfo-avlastning. Endre grunnprinsippa i tilsettingar. Assistentar arbeide 35,5 timars veke, så arbeid i avlastningseining om behov vert ein del av stillinga sitt grunnprinsipp.
3. skule-skule. I overgangar mellom skular, til dømes frå barneskule til ungdomsskule er det og nokon gangar hensiktsmessig at assistenten følgjer barnet. Ha system for at det er mogleg.
4. helseutfordringar i skuletida. Ha system for at det er mogleg at personell følger barnet om barnet av helsemessige årsaker må ha tid vekk frå skulen. Systemet skal og ivareta at helse-og omsorgspersonell skal kunne yte naudsynt hjelp eller opplæring i skulen.

I planperioden skal strukturar i kommunen, der det vert jobba med barn og unge, være mest mogleg hensiktsmessige.

Tverrfagleg sakkunnig instans.

Tverrfagleg sakkunnig instans skal bidra til at ei tverrfagleg sakkunnig tilråding ligg til grunn før tenester fattar enkeltvedtak der det kan være behov for heilskaplege tenestetilbod.

Målgruppa for å bli vurdert til tverrfagleg sakkunnig vurdering er barn 0-18 år, med mogleg utviding opp til 23 år. Barna i målgruppa har behov for tilleggstenester utover barnehage og skule som helsetenester, omsorgstenester, barnevern og andre aktuelle tenester. Målet er at ei totalvurdering av behov for bistand i skule/barnehage, fritid, helse, familie og omsorgssituasjon skal ligge til grunn før vedtak om tenester. Dette for at kommunen samla skal kunne yte eit best mogleg heilskapleg og koordinert tenestetilbod til barn og familiar med omfattande behov for bistand.

Oversikt sakkyndige instansar i kommunen som yt tenester til barn og unge:

Sakkunnig instans og lovverk	Område for sakkunnig vurdering.
Koordinerande Eining.	<ul style="list-style-type: none">• Mynde til å pålegge tverrfagleg sakkyndig vurdering.• Vedtaksmynde til Individuell plan og personleg koordinator.
Barn og unge , fattar vedtak etter lov om barnevern	<ul style="list-style-type: none">• Støttetiltak etter lov om barnevern• familierettleiar
Omsorgstenesta , fatter vedtak etter lov om kommunale helse og omsorgstenester	<ul style="list-style-type: none">• Avlastning• Støttekontakt• Omsorgsløn• Helsehjelp• Brukarstyrt personleg assistent
PPT , skriv sakkyndig vurdering etter Opplæringslova	<ul style="list-style-type: none">• Spesialpedagogisk hjelp i barnehage• Spesialundervisning i skole
Teneste Helse , fatter vedtak etter lov om kommunale helse og omsorgstenester	<ul style="list-style-type: none">• Rettleiing, meistringsgrupper• Fysioterapi• Ergoterapi• Kommunepsykolog• Frisklivssentral• lege
Tiltakstenesta , fatter vedtak etter lov om kommunale helse-og omsorgstenester.	<ul style="list-style-type: none">• Treningskontakt• Støttekontakt• Mestringsgrupper• Samtalegruppe

Koordinerande eining vert den instansen som får mandat og mynde frå rådmannen til å bestemme kva saker som skal tverrfagleg sakkyndig vurderast. Andre tverrfaglege instansar må, om det vert bestemt, tverrfagleg møtast for å gjere samla vurdering *før* vedtak og *før* eventuelle lovnader om tenester vert presentert for søkar/foreldre.

Kompetanseutvikling

Utsette born og unge har behov for tenester frå fleire instansar, noko som stiller krav til samordning av tenestetilbodet. God samhandlingskultur, og felles verdiar hos leing og tilsette er avgjerande for samhandlinga om utsette born og unge. Felles kompetansebygging og kompetanseutveksling som ein kan nytte i skule, barnehage, helse og omsorg vert viktig i planperioden. Barnehage, skule og foreldra som ser borna dagleg har ofte god kompetanse om borna, og kva som verkar i ulike situasjonar. Denne kompetansen skal breiddast og implementerast til andre som arbeider og er saman med barnet, til dømes omsorgsteneste, avlastning, familie.

Avlastning.

Avlastningstilbodet til foreldre med funksjonshemma born skal styrkast i planperioden. Kapasiteten skal aukast ved å mellombels flytte arena for avlastning frå Maurtua ved Florø barneskole til Furutun 35-39. Bustaden kan med relativt enkle grep byggast om til føremålet, og kan gi plass for inntil 7 barn. I planperioden skal kommunen vidare planlegge for Nye Miljøhuset som varig arena for avlastning, fritidstilbod og dag-og aktivitetstilbod.

Fritidstilbod

Flora kommune vil vidareføre sine eksisterande fritidstilbod i Miljøhuset. Det skal og leggst til rette for at lokale ved og i Miljøhuset kan nyttast av frivillige lag og organisasjonar til fritidstilbod for born og unge med funksjonshemmingar. Kommunen skal i planperioden samarbeide med frivillige lag og organisasjonar for å legge til rette for gode fritidsarenaer. Det er eit mål at alle barn skal få tilbod om å være deltakande i ein fritidsaktivitet uavhengig av foreldra si betalingsevne.

Tidlig innsats i sårbare familiar.

Eit tett samarbeid mellom tenestene som møter sårbare familiar på eit tidleg tidspunkt er naudsynt, og kan vere avgjerande for barnets utvikling. I planperioden skal kommunen spisse førebyggjande tiltak når det gjeld å bygge omsorgskompetanse og samspelkompetanse mellom foreldre og barn i sårbare familiar.

Gjennomføring av skulegang og sosial ulikskap

Gjennomføring av skulegang er eit av det viktigaste tiltaka for utjamning av sosial ulikskap. Tidlege teikn på risiko for fråfall i skule skal fangast opp. Eit stort og uforklarleg fråvær allereie i barnehage kan være eit tidleg teikn på at det trengs ei styrking rundt barnet og familien, med mål om gjennomføring av skulegang

Helsesøsterressurs skal i planperioden bli meir tilgjengeleg for barnehage, skulebarn og ungdom. Ei styrka oppfølging av barn og familie, skal være ein positiv bidragsytar til å styrke gjennomføring av skulegang. I planperioden skal vi på hensiktsmessig måte implementere at helsesøster har faste dagar i månaden i barnehage og gjennomfører barnekontrollar i barnehagen. Helsesøster skal delta i faste samarbeidsmøter i barnehagen rundt enkeltbarn, der foreldra gir samtykke til dette.

I planperioden skal det og på hensiktsmessig måte implementerast at helsesøster utfører førskulekontroll ute på skulane. Helsesøster skal rundt i klassane på barnetrinnet og gjere seg kjent med elevane. Helsesøster har undervisning i skulen jamfør Skulehelseplan 2014, og er synleg og tilgjengeleg for barn og tilsette i skulen. Helsesøster deltek jamleg på samarbeidsmøte i skulen.

Ein må utarbeide gode metodar og følgje opp barn og unge individuelt på ein hensiktsmessig måte med mål om å fullføre skulegang. Los funksjon i ungdomsskulen, Nav-rettleiar i vidaregåande skule sosiallærar, skulehelsetenesta, lærarar , lege og andre aktuelle samarbeidspartnarar må arbeide aktivt saman for å auke gjennomføring av skulegang av spesielt sårbare grupper.

Mål:

1. Heilskapleg organisering av tenester for barn og unge med omfattande behov. Personell følgjer barnet uavhengig av organisasjonsstruktur der det er hensiktsmessig utifrå barnets behov.
2. Gode overgangar i tenestene til barn og unge med omfattande hjelpebehov.
3. Auka fleksibilitet og kvalitet på avlastningstenester til foreldre med funksjonshemma born
4. Alle barn skal ha sosiale arenaer der dei trivast og er trygge.
5. Tilgjengelege fritidstilbod som sikrar utjamning av sosial ulikskap og god inkludering.
6. Tidleg innsats skal minke skjeivutvikling og motvirke fråfall i skule som følgje av sosial ulikskap.
7. Tilgjengeleg skulehelseteneste for elevane.
8. Alle gjennomfører vidaregåande opplæring på normert tid
9. Læring- og meistringstilbod, foreldrestøttande tiltak og førebygging styrker foreldrekompetansen i sårbare familiar.

Tiltak:

1. Planlegge og iverksetje organisatoriske løysingar som legg til rette for meir fleksibel ressursbruk mellom tenester som arbeider med barn og unge med omfattande behov.
2. I planperioden skal Furutun 35-39 nyttast som avlastningsbustad til foreldre med funksjonshemma barn.
3. Planlegge for Miljøhuset som arena for avlastning, fritidstilbod, jamfør kap. 3, tiltak 8 og 9.
4. Koordinerande Eining vert sakkyndig instans med mynde og legitimitet til å pålegge tverrfagleg sakkyndig vurdering.
5. Frivilligsentralen søker aktivt på midlar som gjeld aktivisering og inkludering av utsette barn og familiar.
6. Svangerskapskurs for innvandarkvinner, som vert vidareført etter fødsel som foreldrekurs. Gruppebasert rettleingsopplegg med bruk av ICDP som metodereetta foreldrestøttande tiltak.
7. Kompetansebygging hos tilsette i metoden TIBIR som er program for førebygging og behandling av åtferdsvanskar hos barn.
8. Lage prosedyrar og rutinar for oppfølging av fråvær frå barnehage av, og trinnvis gjennom skuleløpet.
9. Implementere at helsesøster har faste dagar i månaden i barnehage og gjennomfører barnekontrollar i barnehagen
10. Implementere at helsesøster utfører førskulekontroll ute på skulane.
11. Helsesøster skal rundt i klassane på barnetrinnet og gjere seg kjent med elevane.

Økonomiske konsekvensar:

1. Planlegginga innanfor tenestene sine eksisterande rammer. Konsekvens av organisasjonsendring vert å kome attende til.
2. Utstyr eingongsutgift kr 230.000.
3. Framtidig bruk Miljøhuset: 1 mill. i 2017 (rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017²)
4. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
5. Søke eksterne midlar
6. Søke midlar + rammeoverføring ?
7. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
8. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer
9. Ressursar til helsesøsterkontor i barnehage
10. Ressursar til helsesøsterkontor i skule.
11. Tiltaket vert finansiert innanfor tenestene sine eksisterande rammer

² Økonomiske konsekvensar av kap. 3. tiltak 8 og 9 er den same millionen

Kapittel. 5. Skjematisk tiltaksplan 2017-2020

Skjemaet syner når tiltaka skal planleggast, starte, iverksetjast, gjennomførast, eller være i drift. Fleire av tiltaka krev finansiering utover budsjett og økonomiplan. Desse vert å kome attende til i årlege budsjettprosessar.

	Framtidas helse,-rehabiliterings -og eldreomsorg 2017-2020	2017	2018	2019	2020
1	Flora kommune skal ha ein heimebasert omsorgsprofil, med styrking av heimetenester. <i>Finansiering vert å kome attende med i årlege budsjettprosessar</i>	Tiltak i 2017 Styrking 1,1 mill.	Tiltak i 2018 Styrking 1 mill.	Tiltak i 2019 Øk. kons	Tiltak i 2020 Øk. kons
2	Flora kommune skal planlegge fleire døgnplassar som Omsorg Pluss konsept. Planlegginga skal inkludere innfasingsplan for bruk				Starte planlegging 200` kostnad
3	Utbygging av heildøgnsbemanna omsorgsbustader i sentrum skal lokaliserast til "Docen" området. Kapasiteten skal nyttast før ein nyttar sjukehusbygget/tomta til omsorgsføremål med bemanning. <i>Driftskonsekvensar bemanning vert å kome attende med i årlege budsjettprosessar.</i>	Tiltak i 2017 Øk. kons	Tiltak i 2018 Øk. kons	Øk. kons	Øk. kons
4	Fleire brukargrupper kan bu i same området. Det skal leggast til rette for fleksibel bruk for alle grupper i alle aldrar. <i>Utarbeiding av bustadplan vert finansiert innanfor eksisterande budsjetttrammer, del av Husbank-prosjekt.</i>	Lage bustadplan 2017			
5	Behov for å utvide omfanget av omsorgsbustader i Eikefjord etter Omsorg Pluss modell vert omsyntatt i planlegginga av ytterlegare behov for omsorgsbustader etter at Docen 2 er realisert.				Starte planlegging
6	Oppstart planlegging av auka institusjonskapasitet vert januar 2020. Planlegginga skal ta utgangspunkt i oppdaterte framskrivingar og dekningsgrader etter vridning til heimetenestemodell.				Starte planlegging jamfør tiltak 2.
7	Ivareta og styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar. Vidare satsing på Lev Vel prosjektet og den kulturelle spaserstokken.	Tiltak i 2017	Tiltak i 2018	Tiltak i 2019	Tiltak i 2020
8	Utarbeide Handlingsplan for Velferdsteknologi i 2017 der ein avklarar behov for ny teknologi. Det må skje ei avklaring av kompetansebehov og utarbeide planar for opplæring, og identifisere og realisere gevinstpotensiale ved innføring av velferdsteknologi. I planen skal det leggast inn tiltak som omfattar kvardagsmeistring og førebyggjande heimebesøk. <i>Finansierast innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Tiltak i 2017			
9	Utarbeide kommunal forskrift for rett til sjukeheimplass <i>Utarbeiding av forskrift finansierast innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Tiltak i 2017			

	Framtidas helse-omsorg og rehabiliteringsteneste for vaksne med omfattande behov. 2017-2020.	2017	2018	2019	2020
1	Opprette bustadkontor med oppfølgingsteneste frå sommaren 2017. <i>Økonomi skal avklarast og det vert lagt fram sak frå rådmannen til Flora bystyre i forbindelse med revidert budsjett 2017.</i>	Oppstart i 2017 700` årleg drifts effekt	700` årleg drifts effekt	700` årleg drifts effekt	700` årleg drifts effekt
2	Dagens bu-og miljøavdelingar i Omsorgstenesta skal organiserast som tverrfagleg samansette arbeidslag etter anbefalte storleikar, med dreining frå bustadbaserte tenester til heimebaserte tenester. <i>Økonomi skal avklarast i planperioden. Finansiering vert å kome attende med i årlege budsjettprosessar</i>	Oppstart i 2017	Øk. kons	Øk. kons	Øk. kons
3	Tiltakstenesta skal i planperioden organiserast som arbeidslag med heildøgsteneste etter heimetenestemodell. <i>Finansiering vert å kome attende med i årlege budsjettprosessar</i>	200` over statsbudsjett et for KAD rus/psykiatri i 2017	Oppstart ny org i 2018. Øk. kons	Drift 2019 Øk. kons	Drift 2020 Øk. kons
4	Vidareutvikle primærhelseteam og oppfølgingsteam frå 2017. Starte med brukarar med omfattande behov for fleirfagleg kompetanse. <i>Innanfor eksisterande budsjetttrammer og søke ekstern finansiering</i>	Oppstart 2017	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
5	Tildelingspraksis på tenester til brukarar der ein legg meir til grunn heilskapsvurderingar. <i>Finansiering innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Oppstart 2017	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
6	Ha klare inklusjons og eksklusjonskriterie for helsehjelp og kvar helsehjelpa skal bli gitt til gruppa rus/psykiatri når det gjeld kommunen sine forpliktingar gjeldande kommunalakutt døgn rus og psykiatri frå 2017. <i>Finansiering innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Tiltak i 2017	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
7	Sampro – nytte systemet for individuell plan, koordinator og ansvarsgrupper for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. <i>Finansiering innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Tiltak 2017	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
8	Miljøhuset skal i planperioden planleggast og byggast ut til å være arena for auka satsing på dag- og aktivitetstilbod til nye brukargrupper.	Oppstart planlegging i 2017. 1.000 `lagt inn i rådmannens framlegg til budsjett 2017		Øk. kons	Øk. kons
9	Planlegging frå tiltak 8, skal og omfatte "Nye Miljøhuset" som arena for avlastning, treningsbustad og framtidige bustader til vaksne med omfattande behov. <i>Finansiering under tiltak 8.</i>		Oppstart planlegging i 2018	Øk. kons	Øk. kons

10	Lage bustadplan for omdisponering av bustader innan omsorgstenesta som ikkje er driftoptimale for brukarar som treng stor grad av bemanning. <i>Finansiering innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Gjennomføres i 2017			
11	Kvalitetsindikator : Brukarundersøkingar annakvart år. Dialogkafe årleg. <i>Finansiering innanfor eksisterande budsjetttrammer</i>	Dialogkafe	Dialogkafe Brukarus.	Dialogkafe	Dialogkafe Brukarus.
12	Innføre aktivitetskrav for økonomisk sosialstønad	Planlegging og Oppstart i 2017 138 i 2017 i statlege overføringar	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
13	Nytte inntil 2 bueningar i "Docen 2" som rehabiliterings -og kortidsplassar.		Oppstart i 2018. 200 årleg kostnad	Drift 2019 200 årleg kostnad	Drift 2020 200 årleg kostnad

	Helse-og omsorgstenester til barn og unge med omfattande behov. 2017-2020	2017	2018	2019	2020
1	Planlegge og iverksetje organisatoriske løysingar som legg til rette for meir fleksibel ressursbruk mellom tenester som arbeider med barn og unge med omfattande behov. <i>Planlegginga innanfor tenestene sine eksisterande rammer. Økonomisk konsekvens av organisasjonsendring vert å kome attende til.</i>	Planlegging	Iverksetjing	Implementering	Implementering
2	I planperioden skal Furutun 35-39 nyttast som avlastningsbolig til foreldre med funksjonshemma barn. <i>Driftsrammer for 2017 er lagt inn i Omsorgstenesta sitt budsjett.. Ved auka drift vert det å kome attende til i årlege budsjettprosessar.</i>	Utstyr eingongsutgift 230` Oppstart i 2017	Drift 2018 Øk. kons	Drift 2019 Øk. kons	Drift 2020 Øk. kons
3	Planlegge for Miljøhuset som arena for avlastning og fritidstilbod jamfør kap. 3 tiltak 8 og 9.	Øk. kons	Øk. kons	Øk. kons	Øk. kons
4	Koordinerande Eining vert sakkyndig instans med mynde og legitimitet til å pålegge tverrfagleg sakkyndig vurdering. <i>Finansiering innanfor tenestene sine rammer</i>	Oppstart og iverksetjing	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
5	Frivilligsentralen søker aktivt på midlar som gjeld aktivisering og inkludering av utsette barn og familiar.	Drift 2017	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
6	Svangerskapskurs for innvandrarkvinner, som vert vidareført etter fødsel som foreldrekurs. Gruppebasert rettleiingsopplegg med bruk av ICDP som metoderetta foreldrestøttande tiltak. <i>Styrka helsesøsterteneste med innvilga 1,5 mill i prosjektmiddlar i 2017 som eingongssum</i>	Planlegging og iverksetjing Øk. kons	Drift 2018 Øk. kons	Drift 2019 Øk. kons	Drift 2020 Øk. kons
7	Kompetansebygging hos tilsette i metoden TIBIR som er program for førebygging og behandling av åtferdsvanskar hos barn.	Planlegging og iverksetjing	Drift 2018	Drift 2019	Drift 2020
8	Lage prosedyrar og rutinar for oppfølging av fråvær frå barnehage av, og trinnvis gjennom skuleløpet. <i>Finansiering innanfor tenestene sine rammer</i>	Planlegging	Implementering	Drift 2019	Drift 2020
9	Implementere at helsesøster har faste dagar i månaden i barnehage og gjennomfører barnekontrollar i barnehagen <i>Økonomiske konsekvensar i form av tilrettelegge areal</i>		Planlegge	Iverksetje	Drift 2020
10	Implementere at helsesøster utfører førskulekontroll ute på skulane. <i>Økonomiske konsekvensar i form av tilrettelegge areal</i>				Planlegge
11	Helsesøster skal rundt i klassane på barnetrinnet og gjere seg kjent med elevane.		Planlegge og iverksetje	Drift 2019	Drift 2020

